



Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/969 - 23/8909

Sakshandsamar:
Jan Kvingedal
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
25.10.2023


Oversending av søknad for uttale - Søknad om oppretting av grunneigedom til fritidshus - dispensasjon - gbnr 12/3

OVERSENDING AV SØKNAD TIL UTTALE EKSTERNE

Saka gjeld søknad om fradeling av grunneigedom med påståande gamalt våningshus på gardbruk i Kvamsdalen i Masfjorden kommune.

Det er i 1995 bygd nytt våningshus på garden og det gamle huset eignar seg ikkje til heilårsbustad. Søkjar ynskjer difor å skilja dette frå og skøyta det over til bror sin, slik at han kan vedlikehalda det og bruka det som feriebustad.


De er lagt med søknad om dispensasjon frå planformål. Eigdommen ligg i LNF-område og hensynssone 740. Arealet er vist på kartutsnitt frå gjeldane kommuneplan for Masfjorden 2018-2030, markert med raud sirkel.



Tiltaket er lovleg nabovarsla.

Dispensasjon

Det står i dag eit gammalt våningshus på arealet som det vert søkt frådelt. Sjølve huset er omgjeve av vegar på 3 sider og ei frådelling vil ikkje vera til hinder for vidare drift av garden. I tillegg er det søkt om noko areal der brønn og garasje/ veskjul står. Arealet som er søkt frådelt, ca. 1000 m² framgår av utsnitt under:



Søkjar opplyser i sin dispensasjonssøknad at det i 1992-95 og vart søkt frådelling, men at det vart gjeve avslag. Det er ikkje opplyst at det er kome nye moment i saka sidan den gong.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Vedlegg:

Søknad om oppretting av grunneigedom til fritidshus - dispensasjon - gbnr 12/3

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland
Vestland fylkeskommune

Njøsavegen 2 6863
Postboks 7900 5020

LEIKANGER
Bergen